



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/91-

9. mai 2019

## **NTP 2022-2033 - Invitasjon til møte om utfordringer**

Eg takkar for aktiv medverknad på det fyrste møtet i den politiske kontaktgruppa 8.mars, der vi diskuterte arbeidet som ligg føre oss med ny Nasjonal transportplan 2022-2033. På møtet viste eg mellom anna til invitasjonen om å spele inn utfordringar på transportområdet framover, der fristen er satt til 10. mai. Vi varsla også at vi ville invitere til regionvise møter med fylkeskommunane, storbyane og Sametinget der vi ønskjer å diskutere desse utfordringane nærare.

Trøndelag og Møre og Romsdal fylkeskommunar og Trondheim kommune blir med dette inviterte til møte 21.mai kl. 14:00-17:00 på Radisson Blu Hotel, Trondheim lufthavn Værnes. Fylkeskommunane og Trondheim kommune blir inviterte til å stille med inntil tre representantar frå politisk nivå. I tillegg er det høve til å delta med inntil to personar frå administrasjonen som støtte.

Formålet med møtet er å få presentert og drøfta dei viktigaste utfordringane når transportsystemet i regionane skal utviklast framover. Eg vil ta utgangspunkt i innspela som har frist 10.mai, og ønskjer å diskutere kva utfordringar som er dei mest sentrale når ny NTP skal utarbeidast.

Møtet blir lagt opp med ein felles introduksjon og innleiing, og deretter ønskjer eg å møte kvar region og Trondheim kommune til separate møte med politisk leiing i SD.

1. Innleiing og overordna problemstillingar v/statsråden, fylkeskommunane og Trondheim kommune.
2. Møte med Møre og Romsdal fylkeskommune (40 minuttar)

- a. Presentasjon av hovudutfordringane
  - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon
3. Møte med Trøndelag fylkeskommune (40 minuttar)
- a. Presentasjon av hovudutfordringane
  - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon
4. Møte med Trondheim kommune (40 minuttar)
- a. Presentasjon av hovudutfordringane
  - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon

Utfordringsmøta dannar grunnlag for den vidare NTP-prosessen. Vi inviterte fylkeskommunar og storbyar til å spele inn kva ein ser som dei største utfordringane i dag og i framtida, jf. brev av 18. februar 2019. Vi bad vidare fylkeskommunane og storbyane om å vurdere kva rolle innføring og utvikling av ny teknologi kan spele. For den vidare NTP-prosessen vil det vere til stor hjelp med klare og tydelege innspel på desse spørsmåla.

For å lukkast i transportpolitikken er vi avhengige av ein best mogeleg dialog og godt samarbeid mellom forvaltningsnivåa. I denne NTP-prosessen har eg ønskt ei tidleg involvering av regionalt nivå og prosessen er lagd opp i fasar. I denne fyrste fasen diskuterer vi hovudutfordringane til regionane, som skal gi grunnlaget for neste runde med innspel knytte til prioriteringar. Vinteren/våren i 2020 planlegg eg ein ny møteserie med fylkeskommunane og storbyane om prioriteringar. Formålet er å gjere NTP-prosessen og dialogen mellom forvaltningsnivåa målretta og fruktbar for alle partar.

Format for møtet

Eg vil leggje til rette for ein god politisk dialog om utfordringar for transportsystemet. Ut over politikarane vil det vere tilstades representantar frå administrasjonen i SD, etatane og verksemdene, KS, i tillegg til administrasjon frå fylkeskommunane og Trondheim kommune.

Det blir servert møtemat. Eg ber om påmelding innan 15. mai til: [kontorstotte@sd.dep.no](mailto:kontorstotte@sd.dep.no)  
Dersom det er spørsmål kan de kontakte Paal Iversen 411 62 861/22 24 81 74

Med helsing

Jon Georg Dale

Kopi  
Avinor AS  
Jernbanedirektoratet  
KS  
Kystverket hovedkontoret  
Nye Veier AS  
Vegdirektoratet

Adresseliste  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Trondheim kommune  
Trøndelag fylkeskommune